

## Søknad om rettferdsvederlag frå staten for romanifolk/taterar.

St.prp. nr. 72 (1998–1999) og Innst. S. nr. 4 (1999–2000)

St.prp. nr. 65 (2006–2007) og Innst. S. nr. 262 (2006–2007)

St.meld. nr. 44 (2003–2004) og Innst. S. nr. 152 (2004–2005)

**Send søknaden til:**  
Statens sivilrettsforvaltning  
Postboks 8027 Dep  
0030 Oslo

**Bruk gjerne dette skjemaet ved søknad om rettferdsvederlag for romanifolk/taterar.**

Om du treng rettleiing når det gjeld utfyllinga av søknaden, kan du kontakte Statens sivilrettsforvaltning på telefon 22 99 13 25 på kvardagar mellom kl. 10 og kl. 14. Du finn meir informasjon på [www.sivilrett.no](http://www.sivilrett.no)

**Fyll ut kvite felt med blokkbokstavar, eventuelt med maskin:**

### 1) Personopplysningar (sjå punkt 1 i rettleiinga):

Namn på søkjar:			
Eventuelt tidl. namn:			
Fødselsnummer (11 siffer):			
Postadresse:			
Postnummer:		Poststad:	
Telefonnummer:		E-post:	
Bankkontonummer:			
Fødestad:			
Namn på mor:			
Fødselsdato til mor:			
Namn på far:			
Fødselsdato til far:			

<b>2) Andre opplysningar (sjå punkt 2 i rettleiinga):</b>	
Har søkjaren søkt om rettferdsvederlag tidlegare?	<input type="checkbox"/> Ja / <input type="checkbox"/> Nei
Dersom ja, i kva år søkte søkjaren?	
Kva var grunnlaget for søknaden den gongen? Bruk eige ark om du ønskjer. <b>Legg ved kopi av vedtak om mogleg.</b>	
Har søkjaren motteke anna vederlag for det same forholdet som søkjaren no søker rettferdsvederlag for, <b>Legg ved kopi av vedtak om mogleg.</b>	<input type="checkbox"/> Ja / <input type="checkbox"/> Nei
Dersom ja, kven betalte ut vederlaget?	
<p>Dersom søknaden din gjeld kritikkverdige forhold frå det offentlege si side, skal du fylle ut <b>pkt. 4</b> under. Sjå <b>punkt 4 i rettleiinga</b>.</p> <p>Dersom søknaden gjeld straffbare handlingar som har skjedd før ordninga om vederlag til valdsoffer tok til å gjelde 01.01.75, skal du fylle ut <b>pkt. 5</b> i skjemaet. Sjå <b>punkt 5 i rettleiinga</b>.</p>	
<b>3) Grunnlaget for søknaden: mobbing som følgje av søkjarens bakgrunn som tater</b>	
3.1. Beskriv med dine egne ord kva du blei utsett for. (Bruk gjerne eige ark.)	

3.2. Dersom mobbinga har medført skade, rår vi søkeren til å skildre denne og leggje ved dokumentasjon på skaden i form av legeattest eller liknande.

Sjå vedlagde retningslinjer om helseattestar.

#### **4) Grunnlaget for søknaden: opphald på Svanviken arbeidskoloni**

4.1. Ver venleg å oppgi tidspunkt for opphaldet og kor lenge det varte

#### **5) Grunnlaget for søknaden: tvangssterilisering**

5.1. Ver venleg å oppgi tidspunkt og legg ved dokumentasjon på steriliseringa

**6) Grunnlaget for søknaden: kritikkverdige forhold frå det offentlege si side**

6.1. Beskriv med dine egne ord kva du blei utsett for. (Bruk gjerne egne ark.)

6.2. Når hende dette?

6.3. Kvar hende dette?

6.4. Kva for offentlig styresmakt/instans meiner du burde ha handla annleis? (Oppgi t.d. namn på institusjon, skule eller liknande.)

6.5. Kva var feilen frå det offentlege?

<p>6.6. Kva skadeverknader har dette gitt deg i ettertid?</p> <p>Dersom søkjaren meiner å ha fått personskade, rår vi søkjaren til å leggje ved dokumentasjon på dette i form av legeattest eller liknande.</p> <p>Sjå vedlagde retningslinjer om helseattest.</p>	
<p>6.7. Andre opplysningar som søkjaren meiner er nyttige for saka:</p>	

**7) Grunnlaget for søknaden: personskadar som følgje av straffbar handling utført før 01.01.75 (sjå punkt 5 i rettleiinga)**

7.1. Beskriv med dine egne ord kva du blei utsett for. (Sjå punkt 7 i rettleiinga.) (Bruk gjerne egne ark.)

7.2. Når hende dette?

7.3. Kvar hende dette?

7.4. Oppgi namnet, adressa og fødselsdatoen til skadegjeraren (om dette er kjent).  
Sjå punkt 7.4 i rettleiinga.

7.5. Eg gir løyve til at personen som er oppgitt som skadegjerar, kan kontaktast. Sjå punkt 7.4 i rettleiinga.

Ja /  Nei

7.6. Kva skadeverknader har dette gitt deg i ettertid?

Dersom søkjaren meiner å ha fått personskade, ber vi om at søkjaren legg ved dokumentasjon på dette i form av legeattest eller liknande. Sjå vedlagde retningslinjer om helseattest.

<p>7.7. Er forholdet meldt til politiet? Dersom ja, legg gjerne ved kopi av meldinga til politiet.</p>	<input type="checkbox"/> Ja / <input type="checkbox"/> Nei	
<p>7.8. Annan dokumentasjon som søkeren meiner er nyttig for saka, t.d. rettsavgjerd, utsegn frå familiemedlemmer og andre som kjenner til forholdet.</p>		
<p>7.9. Andre opplysningar som søkeren meiner er nyttige for saka:</p>		
<p>Stad:</p>	<p>Dato:</p>	<p>Underskrift:</p>
<p><b>8) Vedlegg til søknaden:</b></p>		
<p>Kryss av for <b>kva</b> vedlegg som følgjer søknaden.</p>		
<p><input type="checkbox"/> Fødselsattest/dåpsattest</p> <p><input type="checkbox"/> Eigenfråsegn på eige ark</p> <p><input type="checkbox"/> Attest frå helsepersonell m.m.</p> <p><input type="checkbox"/> Kopi av melding til politiet</p>	<p><input type="checkbox"/> Utsegn frå familie eller andre</p> <p><input type="checkbox"/> Tidlegare vedtak om rettferdsvederlag</p> <p><input type="checkbox"/> Anna</p>	

## Rettleiing til søknadsskjemaet

**Pkt. 1:** Namn og fødselsnummer på søkjaren skal alltid fyllast ut. Adresse, postnummer, poststad, telefonnr. og ev. e-postadresse er viktig for seinare kontakt og korrespondanse. Når saka er ferdig handsama, vil søkjaren få vedtaket sendt til si postadresse, ev. til advokaten sin dersom søkjaren er representert ved advokat.

**Pkt. 2:** Dersom søkjaren har søkt om rettfærdsvederlag eller anna vederlag for det same forholdet tidlegare, må alle felte under dette punktet fyllast ut.

**Pkt. 3:** Det er viktig at alle kritikkverdige forhold / vederlagsgrunnlag kjem med i søknaden, slik at saka blir så godt opplyst som mogleg. Vidare er det ein fordel om søknaden er konkret, ettersom Stortinget har bestemt at vederlagssummen skal baserast på ei skjønsmessig vurdering av kva som er rimeleg i det einskilde tilfellet. Det er forståeleg at søkjaren synest det er vanskeleg å skrive om opplevingane sine. Likevel bør eigenfråsegna vere så konkret som mogleg når det gjeld kvar det kritikkverdige forholdet gjekk føre seg, når det gjekk føre seg, og kva det kritikkverdige bestod i. Også skaden bør skildrast så konkret som mogleg. Dersom søkjaren sit på dokumentasjon som kastar lys over forholdet, er dette svært viktig for saka. I tillegg til eigenfråsegna vil eventuelle vitneutsegner frå familie, vener eller andre som kjenner søkjaren sin situasjon, kunne styrkje søknaden. Attest frå lege, psykolog eller anna helsepersonell vil òg kunne få mykje å seie i saka. Likeins kan journalutskrift, epikrise eller liknande vere relevant dokumentasjon. Sjå vedlagde retningslinjer for korleis helsepersonell kan utarbeide ein slik attest.

**Pkt. 6:** Det er viktig at alle kritikkverdige forhold / vederlagsgrunnlag kjem med i søknaden, slik at saka blir så godt opplyst som mogleg. Vidare er det ein fordel om søknaden er konkret, ettersom Stortinget har bestemt at vederlaget skal baserast på ei skjønsmessig vurdering av kva som er rimeleg i det einskilde tilfellet. Det er forståeleg at søkjaren synest det er vanskeleg å skrive om opplevingane sine. Likevel bør eigenfråsegna vere så konkret som mogleg når det gjeld kvar det kritikkverdige forholdet gjekk føre seg, når det gjekk føre seg, og kva det kritikkverdige bestod i. Også skaden bør skildrast så konkret som mogleg. Dersom søkjaren sit på dokumentasjon som kastar lys over forholdet, er dette svært viktig for saka. I tillegg til eigenfråsegna vil eventuelle vitneutsegner frå familie, vener eller andre som kjenner søkjaren sin situasjon, kunne styrkje søknaden. Attest frå lege, psykolog eller anna helsepersonell vil òg kunne få mykje å seie i saka. Likeins kan journalutskrift, epikrise eller liknande vere relevant dokumentasjon. Sjå vedlagde retningslinjer for korleis helsepersonell kan utarbeide ein slik attest.

**Pkt. 7:** Dersom søkjaren set fram straffbare handlingar, er det viktig at søkjaren beskriv kva slags overgrep det dreier seg om, kva omfang overgrepa hadde, kor ofte dei skjedde, og kvar dei skjedde. Når søknaden skal handsamast, vil utsegner frå medisinsk fagpersonell vege tungt. Det kan derfor styrkje søknaden å skaffe til vegar sakkunnige fråsegner, til dømes ein helseattest, som kan kaste lys over dei seksuelle overgrepa / straffbare handlingane som er sette fram, og årsakssamanhengen mellom desse og eventuell seinare skade. Vi viser til vedlagde retningslinjer for korleis helsepersonell kan utarbeide ein slik attest. Du kan levere retningslinjene til legen din som ei hjelp i arbeidet med helseattesten. Vi gjer merksam på at Statens sivilrettsforvaltning ikkje dekkjer eventuelle utgifter til å få henta inn ein slik attest. Vitneutsegner frå familie, vener eller andre som kjende til søkjaren sin situasjon, vil òg kunne styrkje søknaden. Dersom forholdet er meldt til politiet eller det ligg føre ein dom, ber vi om at du tek med dette, og at du legg ved kopi av eventuell dokumentasjon.

### **Pkt. 7.4:**

I tråd med gjeldande sakshandsamingsreglar i slike saker skal den oppgitte skadegjeraren få høve til å uttale seg om skuldingar retta mot han/henne. Den oppgitte skadegjeraren har ikkje innsynsrett i saka utover dette. Statens sivilrettsforvaltning skal derfor i utgangspunktet leggje skuldingane fram for den oppgitte skadegjeraren. Det er derfor naudsynt med opplysningar om namn, adresse og fødselsdato for den oppgitte overgriparen, dersom søkjaren kjenner til dette.



Vi ber også om løyve til å skrive til vedkommande. Det styrkjer søknaden om vi får mest mogleg konkrete opplysningar om overgrepet og den oppgitte overgriparen. Dersom søkjaren av ulike grunnar ikkje ønskjer at Statens sivilrettsforvaltning skal skrive til den oppgitte skadegjeraren, vil vi respektere dette og late vere å kontakte vedkommande, men ein slik reservasjon vil kunne vege tungt i vurderinga av om forholdet er gjort klart sannsynleg. Det inneber at dersom vi må gå ut frå at den oppgitte skadegjeraren lever og kan identifiserast, men søkjaren ikkje ønskjer at vi skal skrive til vedkommande, vil denne delen av søknaden som den klare hovudregelen ikkje føre fram.

**Pkt. 6:** Kryss av for aktuelle vedlegg og send kopi av desse med søknaden. Det må alltid leggjast ved dokumentasjon for fødselsnummer, t.d. kopi av likningsattest eller bankkort.

## Rettsferdsvederlag frå staten

Rettsferdsvederlagsordninga er Stortingets eiga vederlagsordning. Ordninga er ikkje lovfesta, og ho er utvikla på grunnlag av praksisen til Utvalet for rettsferdsvederlag. Rettsferdsvederlagsordninga er gått gjennom i Innst. S. nr. 4 (1999–2000) og i St.prp. nr. 65 (2006–2007).

### 1. Kven kan søkje rettsferdsvederlag?

Enkeltpersonar som meiner at dei har komme i ei særleg uheldig stilling, og som er påførde skade eller ulempe som ikkje er dekte etter alminnelege vederlagsreglar eller gjennom trygde- eller forsikringsordningar. Berre den som sjølv er direkte råka, kan få rettsferdsvederlag. Som hovudregel er det eit vilkår at skaden heng saman med kritikkverdige forhold frå det offentlege si side.

### 2. Søknad etter den ordinære rettsferdsvederlagsordninga

Rettsferdsvederlag blir ytt på grunnlag av ei vurdering av kor rimeleg det einkilde tilfellet er, og tilmålt etter skjønn. Dei som kan få vederlaget, er personar som har komme spesielt uheldig ut i høve til andre i ein samanliknbar situasjon. Det er meint å vere ein siste utveg for å få ei økonomisk yting for skade eller ulempe ein er blitt påført. Ordninga tek ikkje sikte på å dekkje økonomiske tap for søkjaren. Ein legg i praksis vesentleg vekt på om det offentlege kan lastast for den skaden som har oppstått. I nokre særlege tilfelle yter ein òg vederlaget sjølv om det offentlege ikkje kan lastast. Skadar som følgje av krigstilstand, naturkatastrofar, ulukker og hendelege uhell eller liknande kan som hovudregel ikkje gi grunnlag for rettsferdsvederlag. Utvalet for rettsferdsvederlag har i regelen kompetanse til å gi vederlag med inntil kr 250 000.

Det er inga sakleg avgrensing i kva det kan søkjast rettsferdsvederlag for. Som døme på søkjegrundlag kan vi nemne feil i barnevernet, mangelfull skulegang, feilplassering ved institusjon og personskade som følgje av straffbare handlingar utførte før 1975, særleg ved seksuelle overgrep mot barn.

### 3. Søknad etter særordningar

Stortinget har gjennom [St.meld. nr. 44 \(2003–2004\)](#), jf. [Innst. nr 152 \(2004–2005\)](#) vedteke at det også skal innvilgast rettsferdsvederlag for forhold som tidlegare ikkje har gitt grunnlag for rettsferdsvederlag etter den ordinære ordninga. Dette gjeld m.a. romaniar/taterar som har vore utsette for mobbing og opphald på Svanviken. Vidare gjeld særordninga for samar og kvenar som har fått mangelfull skulegang som følgje av krigen kombinert med fornorskingspolitikken på den tida. Gjennom [St.meld. nr. 24 \(2004–2005\)](#) og [Innst. nr 217 \(2004–2005\)](#) opna Stortinget for rettsferdsvederlag på særlege vilkår for tidlegare barneheims- og fosterheimsbarn, elevar ved spesialskular og verneskular som har vore utsette for omsorgssvikt og overgrep.

### 4. Avvising

Statens sivilrettsforvaltning kan avvise ein søknad om rettsferdsvederlag dersom han etter fast

praksis ikkje gir grunnlag for vederlag, t.d. ved omsorgssvikt i heimen og mobbing. Vidare kan sivilrettsforvaltninga avvise forhold som fell inn under andre vederlags-, trygde- eller forsikringsordningar. Det same gjeld forhold som inneber kompliserte rettslege eller bevismessige vurderingar som naturleg fell inn under domstolane, eller der søkjaren meiner å ha eit erstatningskrav som ikkje er forelda. Statens sivilrettsforvaltning har også kompetanse til å avvise søknader om ny handsaming dersom det ikkje ligg føre nye opplysningar.

#### **5. Særleg om forholdet til ordninga om vederlag til valdsoffer og Norsk pasientskadeerstatning (NPE).**

Straffbare handlingar som er utførte etter 01.01.75 og fell inn under ordninga om vederlag til valdsoffer, blir som hovudregel avviste, ettersom ein meiner at søkjarens rettsstilling er uttømmende regulert i denne ordninga. Tilsvarende gjeld for pasientskadar som fell inn under NPE. Dette gjeld òg der søkjaren ikkje har fått medhald i erstatningskravet sitt, eller der forholdet er forelda med omsyn til desse ordningane.

#### **6. Ingen frist**

Det er ingen frist for å fremje søknad om rettferdsvederlag. Eit unntak var søknad om vederlag til krigsbarn. For denne særordninga gjekk fristen for å søkje ut 01.01.08.

#### **7. Kven handsamar søknaden?**

Søknad om rettferdsvederlag skal sendast til Statens sivilrettsforvaltning, som er sekretariat for Stortingets utval for rettferdsvederlag. Statens sivilrettsforvaltning går gjennom saka og sender ho over til faginstansar der dette er naudsynt for å få saka opplyst. Aktuelle faginstansar er m.a. Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, Utdanningsdirektoratet, Helsedirektoratet og Arbeids- og velferdsdirektoratet. Når saka er tilstrekkeleg greidd ut, skriv Statens sivilrettsforvaltning innstilling, og saka blir lagt fram for Stortingets utval for rettferdsvederlag, som gjer endeleg vedtak. Søkjaren får skriftleg melding om kva avgjerd utvalet har teke.

#### **8. Endeleg avgjerd**

Avgjerdene til Utvalet for rettferdsvederlag kan ikkje klagast inn for Stortinget, jf. stortingsvedtak av 26. oktober 1999 (Innst. S. nr. 4 (1999–2000)). Avgjerda i Utvalet for rettferdsvederlag er derfor endeleg.

#### **9. Inga dekking av utgifter til advokatbistand**

Ein kan fremje søknad om rettferdsvederlag ved å sende inn utfylt søknadsskjema til Statens sivilrettsforvaltning. Bistand frå advokat blir ikkje rekna for å vere naudsynt i denne samanhengen, og utgifter til slik hjelp blir derfor etter fast praksis ikkje dekte etter rettferdsvederlagsordninga.

**Du finn meir informasjon på nettsida vår, <http://www.sivilrett.no>**